

FORBØN

ORDNING FOR

Forbøn

for borgarleg inngått ekteskap

Under handlinga kan det gjevast rom for medverknad av ulike slag. Det kan vera medverknad frå festfølgjet ved einskilde av dei liturgiske ledda, og det kan vera tillegg til handlinga i form av musikk eller høgtlesing, eventuelt kombinert med at det vert tent ljøs i ljøsgloben. Blant dei kulturelle innslaga kan det òg opnast for element som understrekar den etniske bakgrunnen til ekteparet. Der den eine parten tilhøyrer eit anna kyrkjesamfunn enn Den norske kyrkja, kan det etter godkjenning av biskopen opnast for deltaking frå vedkomande kyrkjesamfunn. Både når det gjeld medverknad frå andre kyrkjesamfunn og ved kulturelle innslag, skal desse tilpassast den gudstenestlege karakteren til forbønshandlinga og ikkje bryta med trusgrunnlaget til Den norske kyrkja.

Innslag som kjem som tillegg til liturgien, kan plasserast etter ledd 8 **Forbøn**.

Der namna skal nemnast, kan ein bruka fullt namn eller fornamn, etter som det er naturleg i det einskilde tilfellet. I spørsmåla under ledd 7 **Framstilling av ekteparet** skal ein nytta fullt namn.

1 Preludium/Inngang

Orgelmusikk eller annan høveleg musikk til preludium/inngang.

Ekteparet kan ta plass i koret på førehand, eller dei kan gå saman fram til koret og setja seg på plassane sine.

Dersom det er ønskjeleg, kan ekteparet, forlovarar, liturg og andre gå inn i kyrkja i prosesjon.

Deretter kan det framførast høveleg vokal- eller instrumentalmusikk.

2 Inngangsord

Anten *A*

L I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Eller **B**

L Nåde vere med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus.

Deretter vert ekteparet og forsamlinga helsa velkomen med desse eller liknande ord:

L Kjære (fullt namn vert nemnt) og (fullt namn vert nemnt), den (dato vert nemnd) inngjekk de ekteskap i (staden vert nemnd). De er komne hit til (kyrkja vert nemnd) fordi de ønskjer kyrkja si forbøn for ekteskapet dykkar. Vi er samla for å gleda oss med dykk og be om velsigning over dykk og heimen dykkar.

Deretter kan liturgen seia noko om høvet og om gudstenesta som følgjer, og eventuelt avslutta slik:

Anten **A**

L Herre, kor dyrverdig di miskunn er!
I skuggen av dine venger, Gud, søkjer menneskeborna livd.
Dei får eta seg mette av det beste i ditt hus,
du lèt dei drikka or gledebekken din.
For hjå deg er livsens kjelde,
i ditt ljøs ser vi ljøs. Sal 36,8-10

Eller **B**

L Pris Herren, for han er god, evig varer hans miskunn.
Dette er dagen som Herren har gjort; lat oss jubla og gleda oss no!

Sal 118,1.24

Eller **C**

L Gud er kjærleik, og den som vert verande i kjærleiken, vert verande i Gud og Gud i han.

1 Joh 4,16b

3 Salme

4 Skriftlesing

L Gud har skapt oss til å leva i samfunn med han og med kvarandre.
Han har ordna det såleis at mann og kvinne skal vera eitt,
og han har stadfest denne sameininga med si velsigning.
Ekteskapet er Guds gode gåve.
Å leva saman som mann og kvinne

er å leva i tillit og kjærleik,
dela gleder og sorger
og trufast stå attmed kvarandre livet ut.

Guds ord vitnar om ekteskapet at det er heilagt og ukrenkjande.

Det står skrive i Fyrste Mosebok:
Gud skapte mennesket i sitt bilete,
i Guds bilete skapte han det,
til mann og kvinne skapte han dei.
Gud velsigna dei og sa til dei:
«De skal veksa og aukast,
fylla jorda og leggja henne under dykk!» 1 Mos 1,27-28a

Og vår Herre Jesus Kristus seier:
Har de ikkje lese at Skaparen frå opphavet
skapte dei til mann og kvinne og sa:
«Difor skal mannen skiljast frå far sin og mor si
og halda seg til kona si, og dei to skal vera eitt.»
Så er dei ikkje lenger to; dei er eitt.
Og det som Gud har bunde saman,
det skal ikkje menneske skilja. Matt 19,4-6

L Lat oss vidare høyra frå Guds ord.

2-4 av dei følgjande tekstane (sjå side 00) eller andre høvelege skriftlesingar, minst éi frå kvart av dei to testamenta.

Skriftlesingane kan lesast av medlemmer av festfølgjet.
Dei som skal lesa, går samla fram til lese-pulten.

Ektepar og kyrkjelyd sit under lesinga.

Siste lesinga vert avslutta med:
”Slik lyder Herrens ord.”

Her kan følgja

5 Salme

Salmen kan erstattast av høveleg vokal- eller instrumentalmusikk.

6 Tale

Liturgen held ein tale over eit av dei skriftorda som er lesne under ledd 4 eller over ein annan høveleg tekst.

7 Framstilling av ekteparet

Ekteparet går saman fram til altaret.

Anten **A**

L For offentleg styremakt har de lova å leva saman i ekteskap. Dette løftet tyder at de skal vera eitt og halda trufast saman i gode og vonde dagar inntil døden skil dykk åt.

Slik de ønskjer det, vil vi i dag be for dykk og stilla ekteskapet dykkar og heimen dykkar inn under Guds velsigning.

Eller **B**

L (Dei fulle namna til mannen og kvinna, utan tittel), de har for offentleg styremakt lova å leva saman i ekteskap. Vil de framleis elska og æra kvarandre og halda trufast saman i gode og vonde dagar til dess døden skil dykk åt?

Ekteparet svarar, etter kvarandre eller saman:

Ja.

L Etter dykkar ønskje vil vi i dag be for dykk og stilla ekteskapet dykkar og heimen dykkar inn under Guds velsigning.

8 Forbøn

Ekteparet kneler på altarringen.

Liturgen ber med handspålegging ei av desse bønene, og avsluttar med Herrens bøn.

Eventuelt kan også andre i følget delta i forbøna med handspålegging.

I

<p>Anten A</p> <p>L Miskunnsame Gud, du som har innsett ekteskapet og velsigna kvinne og mann, vi ber deg: Lat di velsigning kvila over <u>(namnet vert nemnt)</u> og <u>(namnet vert nemnt)</u> som her kneler for ditt andlet. Fyll dei med din kjærleik, og bygg heimen deira i fred. Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og vonde dagar set sin lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det</p>	<p>Eller B</p> <p>L Gode Gud, vi takkar deg for <u>(namnet vert nemnt)</u> og <u>(namnet vert nemnt)</u> og for kjærleiken deira til kvarandre. Velsign livet deira som ektefolk.</p> <p>Hjelp dei å halda dei løfta dei har gjeve kvarandre, så ekteskapet deira kan fyllast av tillit, omsut og glede.</p> <p>Gjev dei evne og vilje til å byggja heimen sin</p>
--	--

<p>evige livet.</p>	<p>i fred, så det vert ein stad der [born kan veksa opp i tryggleik og] familie og vener kan finna fellesskap.</p> <p>Du som er vegen, sanninga og livet, lat dei få vandra i di sanning. Du som tilgjev og lækjer, hjelp dei å tilgje kvarandre. Du som er kjærleikens kjelde, gjev dei og alle ektefolk å veksa og modnast i kjærleik.</p>
---------------------	--

II

Her kan det leggjast til ei fritt utforma bøn, eventuelt kombinert med ljostenning. Eventuelt kan kyrkjelyden syngja ein bønesalme (medan ekteparet kneler).

III

Forbøna vert alltid avslutta med Herrens bøn.

L Lat oss saman be Herrens bøn.

A Fader vår, du som er i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød.

Forlat oss vår skuld,

som vi òg forlèt våre skuldmenn.

Før oss ikkje ut i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt,

og makta og æra i all æve.

Amen.

Ekteparet set seg på plassane sine.

Her kan følgja

9 Musikk/symbolhandlingar

Deltakarar i festfølgjet og andre kan medverka med musikk, høgtlesing eller andre kulturelle innslag.

10 Salme

11 Velsigning

Anten **A**

L vend mot kyrkjelyden
Lat oss prisa Herren.

Kyrkjelyden reiser seg.

K Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

L Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren løfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. ✠

K Amen. Amen. Amen.

Eller **B**

L vend mot kyrkjelyden
Ta imot velsigninga.

Kyrkjelyden reiser seg.

L Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. ✠

L/K Amen.

Under den stille bøna som følger, vert det slege tre gonger tre slag med ei av kyrkjeklokkene.

Her kan det framførast høveleg vokal- eller instrumentalmusikk.

12 Postludium/Utgang

Orgelmusikk eller annan høveleg musikk. Ekteparet går saman ut or kyrkja